



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Kommunal- og regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Saksnr
2007/1871

Arkiv
103

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
05.02.2008

K-SAK 07/08: HØRING - SØRHEIMUTVALET. INNTÆKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE.

Vedlagt følger:

- K-sak 07/08.

Herøy kommunestyre har den 31.01.08 gjort slikt vedtak i saka:


- 1 Herøy kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
- 2 Herøy kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Kommunestyret ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
- 3 Herøy kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Kommunestyret meiner at dette er med på å stimulere til breiare næringsutvikling, samstundes som det er rettferdig at kommunar som tek belastninga med å legge til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar får direkte effekt av satsinga. Herøy kommune meiner difor at ein endå større del av selskapsskatten skulle tilfalle kommunane enn det den gjer i dag.
- 4 Herøy kommunestyre støttar forslaget om å avvikle dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med eit nytt distriktstilsøtt som er kopla opp mot det distriktpolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ei vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode

ei Ballongd Børne


inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.

- 5 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvikle ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.
Herøy kommunestyre er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.
- 6 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnstilskottet.
Herøy kommunestyre ynskjer at skjønnstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
- 7 Herøy kommunestyre støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Herøy kommunestyre er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis.
Herøy kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskottet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebere ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg innteksreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Med helsing


Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:
Økonomiavdelinga



HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2007/1871
		Arkiv:	103

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/08	Formannskapet	22.01.2008
7/08	Kommunestyret	31.01.2008

HØRING - SØRHEIMUTVALET. INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Tilråding:

- 1 Herøy kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
 - 2 Herøy kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Kommunestyret ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
 - 3 Herøy kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Kommunestyret meiner at dette er med på å stimulere til breiare næringsutvikling, samstundes som det er rettferdig at kommunar som tek belastninga med å legge til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar får direkte effekt av satsinga. Herøy kommune meiner difor at ein endå større del av selskapsskatten skulle tilfalle kommunane enn det den gjer i dag.
 - 4 Herøy kommunestyre støttar forslaget om å avvikle dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med eit nytt distriktstilsott som er kopla opp mot det distriktspolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ei vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode
-

inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.

- 5 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvikle ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.
Herøy kommunestyre er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.
- 6 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnstilskottet.
Herøy kommunestyre ynskjer at skjønnstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
7. Herøy kommunestyre støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Herøy kommunestyre er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis.
Herøy kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskottet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebere ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg innteksreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Møtebehandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 22.01.2008

1. Herøy kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
 2. Herøy kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Kommunestyret ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
-

3. Herøy kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Kommunestyret meiner at dette er med på å stimulere til breiare næringsutvikling, samstundes som det er rettferdig at kommunar som tek belastninga med å legge til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar får direkte effekt av satsinga. Herøy kommune meiner difor at ein endå større del av selskapsskatten skulle tilfalle kommunane enn det den gjer i dag.
4. Herøy kommunestyre støttar forslaget om å avvike dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med eit nytt distriktstilsott som er kopla opp mot det distriktpolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ei vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.
5. Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvike ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet. Herøy kommunestyre er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.
6. Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnsstilskottet. Herøy kommunestyre ynskjer at skjønnsstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnsstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
7. Herøy kommunestyre støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Herøy kommunestyre er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis. Herøy kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskottet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebære ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg inntektsreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Møtebehandling:


Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2008

1. Herøy kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
 2. Herøy kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Kommunestyret ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
 3. Herøy kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Kommunestyret meiner at dette er med på å stimulere til breiare næringsutvikling, samstundes som det er rettferdig at kommunar som tek belastninga med å legge til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar får direkte effekt av satsinga. Herøy kommune meiner difor at ein endå større del av selskapsskatten skulle tilfalle kommunane enn det den gjer i dag.
 4. Herøy kommunestyre støttar forslaget om å avvikle dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med eit nytt distriktstilsott som er kopla opp mot det distriktspolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ei vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.
 5. Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvikle ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.
Herøy kommunestyre er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.
 6. Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnstilskottet.
Herøy kommunestyre ynskjer at skjønnstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
-

7. Herøy kommunestyre støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Herøy kommunestyre er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis.
Herøy kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskottet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebære ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg inntektsreduksjon som følge av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Særutskrift:
Kommunal- og regionaldepartementet



HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2007/1871
		Arkiv:	103

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/08	Formannskapet Kommunestyret	22.01.2008

HØRING - SØRHEIMUTVALET. INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Tilråding:

- 1 Herøy kommunestyre er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
- 2 Herøy kommunestyre ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Kommunestyret ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.
- 3 Herøy kommunestyre meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Kommunestyret meiner at dette er med på å stimulere til breiare næringsutvikling, samstundes som det er rettferdig at kommunar som tek belastninga med å legge til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar får direkte effekt av satsinga. Herøy kommune meiner difor at ein endå større del av selskapsskatten skulle tilfalle kommunane enn det den gjer i dag.
- 4 Herøy kommunestyre støttar forslaget om å avvike dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med eit nytt distriktstilsott som er kopla opp mot det distriktpolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ei vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Etter kommunestyret si vurdering bør ikkje kommunar som Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott. Kommunestyret meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.

- 5 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvike ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggjartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.
- Herøy kommunestyre er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.
- 6 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalet sitt forslag om å redusere skjønnstilskottet.
- Herøy kommunestyre ynskjer at skjønnstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
- 7 Herøy kommunestyre støttar Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Rådmannen er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis.
- Herøy kommunestyre ynskjer at det nye inntektsgarantitilskottet, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebære ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg inntektsreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Særutskrift:

Vedlegg:

- Brev frå Det kongelige kommunal- og regionaldepartement datert 26.10.2007
- Som uprenta vedlegg finn ein Sørheimsutvalet sin rapport "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" av 26 oktober 2007.

Saksopplysningar:

Sørheimutvalet vart utnemnt i desember 2006, og overleverte sin rapport 26.10.2007.

1. Inntektssystemet for kommunane – forslag til endringar

Inntektssystemet er eit kriteriebasert system for fordeling av statlige rammetilskott til kommunar og fylkeskommunar. Inntektssystemet vart innført i 1986. Etter innføringa er det gjort fleire større og mindre endringar i systemet. Den siste større omlegginga av inntektssystemet ble gjort i 1997, på bakgrunn av forslag fra Rattsø-utvalet (NOU 1996:1).

Inntektssystemet ble sist evaluert av eit offentlig utval i 2005. Borge-utvalet, som vart oppnemnt i oktober 2003, vart bedt om å foreta ein brei fagleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane. I oktober 2005 la utvalet fram sine forslag til endringar i inntektssystemet i NOU 2005:18 *Fordeling, forenkling, forbedring*. Borge-utvalget foreslo bl.a.:

- Ny kostnadsnøkkel for kommunane¹
- Prognosebasert inntektsutjevning
- Eit nytt distriktspolitisk tilskott
- Avvikling av ordninga med oppdatert folketalsutvikling i innbyggjartilskottet og utgiftsutjevninga
- Eit redusert skjønnsstilskott med eit meir avgrensa føremål
- Eit nytt inntektsgarantitilskott til erstatning for dagens overgangsordning

Regjeringa varsla i kommuneproposisjonen for 2007 at den ville utføre ein eigen gjennomgang av inntektssystemet. Og i samband med dette vart dei politiske partia med representasjon på Stortinget invitert til deltaking i eit utval som har vurdert *delar* av inntekts- og finansieringssystemet for kommunane. Utvalet har ikkje vurdert utgiftsutjevningen i inntektssystemet (kostnadsnøkkel). Utvalet som vart leia av Kristin Marie Sørheim leverte i oktober 2007 sin rapport med forslag til endringar i inntektssystemet for kommunane. Sørheim-utvalet støtter opp om fleire av Borge-utvalets forslag, men foreslår bl.a. ein noko anna utforming av det nye distriktspolitiske tilskottet og det nye inntektsgarantitilskottet. Blant Sørheim-utvalets andre forslag er:

Utvalet sitt mandat har omhandla ei vurdering av:

- Skatten sin del av kommunane sine inntekter
- Nivå på og utforming av inntektsutjevninga
- Selskapsskatten som kommunal skatt
- Regionalpolitisk grunnlagt tilskott innanfor inntektssystemet

¹ Kostnadsnøkkel for kommunane er bygd opp av fleire sektornøkaer som Borge-utvalet foreslo endringar på (grunnskule, helse- og sosialtenester, administrasjon, landbruk og miljøvern).

- Behovet for eigne tilskott til vekst- og fråflyttingskommuner
- Storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- Ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjevningen
- Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet.

Departementet har sett høyringsfristen til 28. januar 2008 og ser helst at KS samordnar høyringfråsegnene frå einskildkommuner. KS har sett fristen for dette til onsdag 9. januar.

2. Skattefinansiering

Skatteandel

I 2007 forventer ein at skatteinntektene utgjer om lag 48,3 prosent av kommunane sine totale inntekter. Omsynet til lokal forankring av inntektene trekker i retning av ein høg skattedel, mens omsynet til utjevning av inntektsforskjellar, forutsigbarheit og stabiliseringspolitikk trekker i retning av ein lav skattedel.

Sørheim-utvalet meiner at skattens del av kommunanes totale inntekter bør ligge på rundt 50 prosent.²

Borge-utvalet meinte i si vurdering at kommunane ikkje var i stand til å handtere store svingingar i skatteinntektene, og at ein innførte ein prognosebasert inntektsutjevning (dvs at det inntektsutjamnande tilskottet vert basert på ei skatteprognose).

Sørheim-utvalet meiner at kommunane bør kunne handtere skatteinngangen det einskilde år, og utvalet ynskjer difor ikkje ei ordning der staten garanterer for deler av avviket mellom anslått og faktisk skatteinngang (prognosebasert inntektsutjevning).

Rådmannen si vurdering

Rådmannen er samd med Sørheim-utvalet at skatten sin del av kommunane sine samla inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter. Kommunane kan handtere skatteinntektene ved igjen å innføre eit skattereguleringsfond, der stor skatt eit år vert avsett til å møte år der skatteinntektene sviktar.

3. Inntektsutjevning

Gjennom inntektsutjevninga i inntektssystemet vert variasjonar i skatt på inntekt og formue, naturressursskatt og selskapsskatt utjamna. Eigedomsskatt og konsesjonskraftsinntekter er ikkje omfatta av inntektsutjevninga. Ambisjonsnivået for utjevning er eit politisk spørsmål. Val av utjevningsgrad må blant anna bli basert på ei avveining av omsynet til lokal forankring av inntektene og utjevning av dei økonomiske forutsetningane for eit likeverdig tenestetilbod.³

² Sørheim-utvalet har ikkje beregna fordelingsverknadane av å auke skatteandelen fra 48,3 til 50,0 prosent.

³ I rapporten fra Sørheim-utvalet vert det peika på at utjevning av dei økonomiske forutsetnadane for eit likeverdig tenestetilbod ikkje berre har med skatteinngangen i kommunane å gjere. Utvalet peikar i den samanheng på at skattesvake kommuner ofte mottek regionalpolitiske tilskott og skjønnsstilskott. Skattesvake kommuner kan difor samla sett ha eit høgt inntektsnivå. Ei kommune som er skattesvak er difor ikkje nødvendigvis inntektssvak.

Inntektsutjevninga i inntektssystemet er i dag basert på at kommunar med skatteinntekter per innbyggjar over landsgjennomsnittet vert trekt 55 prosent av forskjellen mellom eigen skatt og landsgjennomsnittet. Kommunar som har skatteinntekter under landsgjennomsnittet får kompensert 55 prosent av forskjellen mellom egne skatteinntekter og landsgjennomsnittet.

I tillegg får dei kommunane som har lavare skatteinntekt enn 90 prosent av landsgjennomsnittet kompensert 35 prosent av forskjellen mellom egne skatteinntekter og 90 prosent av landsgjennomsnittet. Tilleggskompensasjonen vert finansiert ved at alle kommunane får eit likt trekk i kroner per innbyggjar.

Sørheim-utvalets forslag

Sørheim-utvalet er delt i sin konklusjon om inntektsutjevning. Utvalets fleirtal, *medlemmane fra Arbeiderpartiet, Kristelig folkeparti, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti* ynskjer å behalde dagens modell for inntektsutjevning, men auke den symmetriske inntektsutjevninga frå 55 prosent til 60 prosent. *Medlemmet fra Høgre* ynskjer å halde på dagens modell utan endringar. *Medlemmene fra Venstre og Senterpartiet ynskjer ei langt meir omfattande utjevning av skatteinntektene.*

Fleirtalet sitt forslag inneberer bl.a. at ei kommune med skatteinntekt på 95 prosent av landsgjennomsnittet vil få kompensert 60 øre (mot 55 øre i dag) av ein (lokal) skattesvikt på 1 krone. Motsett vil kommunen berre behalde 40 øre (mot 45 øre i dag) av ein (lokal) skattevekst på 1 krone.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen ynskjer at dagens modell for inntektsutjevning vert vidareført med ei trekk- og kompensasjonsgrad på 55%. Rådmannen ynskjer vidare at også konsesjonskraftinntektene også skal omfattast av inntektsutjevninga. Dette fordi nokre kommunar i dag har det meste av sine inntekter knytt til konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt av desse, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har slike inntekter.

4. Selskapsskatt

Selskapsskatt som kommunal skatt

Kommunane har siden 2005 fått tilført ein del av selskapsskatten gjennom rammetilskottet (gjennom ein såkalla skattesimuleringsmodell). Selskapsskatten vert ført attende til kommunane basert på kor stor del av arbeidsplassane i det einskilde foretaket som er lokalisert i den einskilde kommunen. Regjeringa Bondevik II begrunna forslaget om å tilbakeføre ein del av selskapsskatten til kommunane med at ein ville *"styrke kommunenes incentiver til å drive næringsutvikling, og dermed sikre næringsetablering"*. Det vart foreslått at selskapsskatten på lang sikt skulle førast attende til kommunane gjennom ein skattefondsmodell. Kombinert med at selskapsskatten vart ført attende til kommunane vart inntektsutjevninga i inntektssystemet lagt om. Omlegginga av inntektsutjevninga vart begrunna med at ein ville ivareta *"incentivvirkningene som ligger i en kommunal selskapsskatt, samtidig som omfordelingsvirkningene som følge av tilbakeføring av en andel av selskapsskatten reduseres"* (St.prp. nr 64 (2003-2004)).

Sørheim-utvalets forslag til endring

Sørheim-utvalet har i sine vurderingar av om selskapsskatten bør videreførast som kommunal skatt gjort nokre avveiningar mellom omsynet til et likeverdig tenestetilbod, stabilitet og forutsigbarheit i inntektsrammene og insentiver til næringsutvikling. Sørheim-utvalet peikar på at det er uheldig at deler av datagrunnlaget som ligg til grunn for berekninga av den enkelte kommune sin del av selskapsskatten er taushetsbelagt.

Sørheim-utvalet er delt i sin konklusjon kring selskapsskatt. *Medlemmane frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti* foreslår at ordninga med kommunal selskapsskatt vert avvika, og at den delen av skatten som selskapsskatten i dag utgjør vert lagt på skatt på alminnelig inntekt og formue. *Medlemmane frå Høgre, Kristelig Folkeparti, Venstre og Fremskrittspartiet* foreslår at dagens ordning med kommunal selskapsskatt vert vidareført. *Medlemmane fra Kristelig folkeparti og Venstre* foreslår å vidareføre dagens skattesimuleringsmodell, mens *medlemmane frå Høgre og Fremskrittspartiet* foreslår å gå over til ein skattefondsmodell

Rådmannen si vurdering

Rådmannen meiner at ein bør vidareføre selskapsskatten slik den er i dag. Ei omlegging, slik Sørheim-utvalet foreslår, vil ikkje ha den store negative verknaden for Herøy kommune (om lag kr 66,- per innbyggjar basert på 2006 tala). Likevel vil denne verknaden variere frå år til år. Ein kan vurdere om kriteria for fordelingsordninga kan endrast slik at verdiskapning basert på andre kriterier enn arbeid vert vurdert (kapital, natur osv). Det er i kommunane at verdiane vert skapt. Rådmannen meiner at Sørheim-utvalet undervurderar insentivet selskapsskatten har for næringstilrettelegging.

5. Nytt distriktpolitisk tilskott

Regionalpolitiske tilskott i inntektssystemet

Ekstra kommuneoverføringer til små kommunar og kommunar i Nord-Norge vert i dag brukt som distrikts- og regionalpolitisk verkemiddel. Tankegangen er at ein gjennom denne ekstrainsatsen gir små kommunar og kommunar i Nord-Norge sjansen til å ha eit betre kommunalt tenestetilbod enn andre kommunar, og at ein gjennom det igjen bidreg til å oppretthalde hovudtrekka i bosetjingsmønstra og til å sikre gode levekår i distrikta (St.prp. nr 1 (2004-2005)).

I dagens inntektssystem er Nord-Norgetilskottet, regionaltilskottet og deler av skjønnstilskottet gitt regionalpolitiske grunngevingar. Desse ordningane er svært ulik i utforminga, noko som bl.a. har samanheng med at tilskotta opprinneleg vart innført for å kompensere kommunar som tapte på endringar som ble gjennomført i inntektssystemet, og ikkje nødvendigvis for å treffe kommunar som har regionalpolitiske utfordringar.⁴ Sørheim-utvalet meiner at det er ei svakheit med dagens system at det til grunn for fordeling av tilskotta ikkje ligg nokon direkte vurdering av kommuner det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats. Sørheim-utvalet foreslår difor at dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem vert samla i eit nytt tilskott som er kopla opp mot det distriktpolitiske

⁴ I dag er både Nord-Norgetilskuddet, regionaltilskuddet og deler av skjønnstilskuddet eksplisitt gitt regional- og distriktpolitiske grunnlegger.

virkeområdet.⁵ Koplinga opp mot virkeområdet vert grunnlagt med at det til grunn for inndelinga av virkeområdet ligg ei vurdering av kva område det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats.⁶ Vurderingane er basert på skjønn og indikatorbasert analyse som skal fange opp dimensjonane *geografi, demografi, arbeidsmarknad og inntekt*. Det vert utarbeidd ein såkalla *distriktsindeks* for kvar einskild kommune. Indeksen varierer frå 0 til 100, der høg verdi tilseier få distriktpolitiske utfordringar.

Tabellen under viser inndelinga av det distriktpolitiske virkeområdet per 1. januar 2007.

Sone	Kommuner
Sone II	20 kommunar i Sør-Norge
Sone III	Sør-Norge og Trøndelag som ikkje ligg i nærleiken av større byområder, samt Bodø og Tromsø. 129 kommunar
Sone IV	Finnmark, Troms, Nordland, deler av Trøndelagsfylke og grenseområdet mot Møre og Romsdal, indre deler av Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark og Hordaland. 158 kommunar.

Sørheim-utvalet foreslår at det nye tilskottet vert tildelt følgjande kommunar:

- Kommunar i sone IV som har ei gjennomsnittlig skatteinntekt dei siste tre åra som er lavare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet.
- Kommunar i sone III som har ei gjennomsnittlig skatteinntekt dei siste tre åra som er lavare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet og som har ein distriktsindeks lavare enn 35.
- Kommuner i sone III som er innanfor skattegrensa, og som har ein distriktsindeks mellom 35 og 46 og som mottok eit redusert tilskott (tilskott vert gradert for kommunar med indeks mellom 35 og 46).
- Tromsø og Bodø

Sørheim-utvalets vurdering er vidare at det nye tilskottet bør fordelast med ein sats per kommune (50 prosent), og ein sats per innbyggjar (50 prosent). Vidare foreslår utvalet at innbyggjarar og kommunane i de ulike områda vert gitt ulik vekt.

Fordelinga av tilskottet mellom dei ulike sonene er basert på ein skjønsmessig vektning mellom sonene, blant anna ut frå eit ynskje om framleis å prioritere Nord-Norge innanfor det distriktpolitiske tilskottet, og ynskje om å avgrense omfordelingsverknadane.

Sørheim-utvalets forslag til endring

Utvalets fleirtal, *medlemmane fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Høgre og Kristelig Folkeparti*, foreslår at dagens regionalpolitiske tilskott i inntektssystemet vert samla til eit nytt distriktpolitisk tilskott. Kriteria for fordeling av det nye tilskottet vert kopla til det distriktpolitiske virkeområdet som ligg til grunn for den øvrige distriktpolitikken. Innanfor det distriktpolitiske tilskottet ynskjer utvalet å prioritere kommunane i Nord-Norge spesielt.

⁵ Utvalget foreslår at kompensasjonsordningen for omleggingen av ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift videreføres innenfor skjønnskuddet.

⁶ For nærmere omtale av inndelingen av det distriktpolitiske virkeområdet vises det til kapittel 6.2 i Sørheim-utvalgets rapport.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen støttar forslaget om å avvike dei regionalpolitiske tilskotta i dagens inntektssystem, og å erstatte desse med et nytt distriktstilsott som er kopla opp mot det distriktspolitiske virkeområdet. Dette vil sikre at fordelinga av tilskottet er basert på ein vurdering av kva kommunar det er som har behov for ein regionalpolitisk ekstrainsats.

Etter rådmannen si vurdering bør ikkje Tromsø og Bodø (og kanskje heller ikkje andre kommunar med høgt innbyggjartal og gode inntekter som t.d. Alta og Hammerfest) bli tildelt distriktstilskott.

Rådmannen meiner vidare at distriktstilskottet ikkje berre skal tildelast kommunar som i løpet av dei siste tre åra har hatt skatteinntekter under 120% av landsgjennomsnittet slik Sørheim-utvalet foreslår.

6. Vekst, fråflytting og befolkningsoppdatering

Telletidspunkt for berekning av innbyggjartilskottet

Sidan 2003 har innbyggjartilskottet m/utgiftsutjevning og inntektsutjevning blitt berekna med utgangspunkt i folketalet per 1.januar i budsjettåret. Ordninga med oppdatering av folketalet i budsjettåret har gitt betre samsvar mellom utvikling i utgiftsbehov og tilskott som vert gitt. Men samstundes har ordninga ført til mindre forutsigbarheit og større kompleksitet, fordi innbyggjartilskottet og utgiftsutjevninga ikkje er kjent i forkant av budsjettåret.

Sørheim-utvalets forslag

Sørheim-utvalet foreslår å avvike ordninga med oppdaterte folketal. Oppdateringa vert foreslått erstatta med at berekninga av innbyggjartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Utvalet foreslår at ordninga med oppdatering av folketalsutviklinga ved berekning av inntektsutjevninga vert vidareført som i dag.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen støttar Sørheim-utvalets forslag om å avvike ordninga med oppdaterte folketal, og å erstatte denne med ei ordning der innbyggjartilskottet og utgiftsutjevninga vert basert på innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret. Omlegginga vil føre til at kommunane får større forutsigbarheit når det gjeld storleiken på rammetilskottet,, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.

Rådmannen er også samd med Sørheim-utvalet i at berekninga av det inntektsutjevande tilskottet framleis vert basert på befolkningstal per 1. januar i budsjettåret.

7. Skjønnstilskott

Skjønnstilskott i inntektssystemet

Årlig blir ein del av rammetilskottet til kommunane fordelt ut i frå skjønnsmessige vurderingar. I 2007 utgjør skjønnstilskottet om lag 1,7 milliardar kroner.

Skjønnstilskottet vert i dag bl.a. brukt til å:

- Ivareta forhold som ikkje vert fanga opp gjennom utgiftsutjevninga
- Hjelpe kommunar som er i ein vanskelig økonomisk situasjon
- Kompensere kommunar som tapar på endringar i inntektssystemet
- Kompensere kommunar med svak skattevekst
- Støtte kommunale utviklingsprosjekt
- Ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret
- Ivareta spesielle lokale forhold

Fordelinga av skjønnstilskottet er prega av stor stabilitet over tid. Dette må bl.a. sjåast i samanheng med at skjønnstilskottet blir brukt til å ivareta distrikts- og regionalpolitiske omsyn.

Sørheim-utvalgets forslag til endring

Utvalet foreslår å redusere den totale skjønnsramma til kommunane.

Utvalet foreslår at regionalpolitisk skjønn vert trekt ut av skjønnsramma og lagt inn i det nye distriktpolitiske tilskottet. Utvalet rår til at kompensasjonen til kommunar som har tapt på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift framleis ligg i skjønnstilskottet. Kompensasjon til kommunar som har tapt på endringar som har blitt gjennomført i perioda 2002-2006 foreslår ein vert tatt ut av skjønnstilskottet, og lagt inn i innbyggjartilskottet. Den nye veksttilskottet foreslår ein også finansierte gjennom ein reduksjon i skjønnstilskottet til kommunane.

Rådmannen si vurdering

Sørheim-utvalet foreslår at det vert innført eit nytt distriktstilskott i inntektssystemet, eit nytt inntektsgarantitilskott og eit eige tilskott til kommunar med sterk befolkningsvekst. Dei tre forslaga inneber etter rådmannen si vurdering at skjønnstilskottet til kommunane kan og bør reduserast. Rådmannen støttar difor Sørheim-utvalets forslag om å redusere skjønnstilskottet. .

Etter rådmannen si vurdering bør skjønnstilskottet først og fremst bli brukt til å fange opp utgiftsdrivande lokale forhold som kommunane sjølv ikkje kan påverke – og som ikkje er fanga opp gjennom andre deler av inntektssystemet. Vidare bør skjønnstilskottet bli brukt til å ivareta ekstraordinære hendingar som oppstår i løpet av budsjettåret (såkalla "kriseskjønn"), samt til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.

8. Nytt inntektsgarantitilskott

Overgangsordninga i inntektssystemet

Overgangsordninga i dagens inntektssystem er utforma med sikte på å avgrense inntektsendringar frå år til år som følgje av:

- Innlemming av øyremerkta tilskott (eller uttrekk av midlar)
- Oppgåveendringar
- Systemendringar (endringar i inntektssystemet)

Dagens overgangsordning på fem år er utforma som ei rein omfordelingsordning mellom kommunane. Overgangsordninga fungerer i hovudsak godt med omsyn til innlemming av øyremerka tilskott og oppgåveendringar. Men den gir ikkje alltid tilstrekkeleg skjerming for kommunar som får ein betydelig inntektsreduksjon som følgje av større endringar i inntektssystemet. Dette kjem til uttrykk ved at det vert etablert særskilte kompensasjonsordningar ved sida av inntektssystemet.

Sørheim-utvalets forslag

Utvalget foreslår å avvikle dagens overgangsordning, og å erstatte denne med et nytt inntektsgarantitilskott (INGAR). Sørheim-utvalet foreslår at ei kommune gjennom det nye inntektsgarantitilskottet skal få kompensert for ei utvikling i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som ligg meir enn 300 kroner lavare enn landsgjennomsnittleg vekst per innbyggjer. Ein foreslår at tilskottet vert finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar for alle landets kommunar.

Borge-utvalet foreslo at kommunar gjennom det nye inntektsgarantitilskottet skulle få kompensert for ei utvikling i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som ligg 400 kroner lavare enn landsgjennomsnittlig vekst per innbyggjar. Borge-utvalet foreslo at inntektsgarantitilskottet i utgangspunktet skulle finansierast med eit trekk i innbyggjartilskottet til alle kommunane, men med den restriksjon at ingen kommunar, etter at man har vore med på finansieringa av inntektsgarantitilskottet, skal få ein vekst i rammetilskottet som er lavare enn 400 kroner av veksten på landsbasis. Dette inneberer at mottakarane av inntektsgarantitilskottet ikkje må være med på å finansiere tilskottet med Borge-utvalets forslag.

Etter Sørheim-utvalets vurdering er det ikkje rimelig at kommunar som har ein sterk vekst i rammetilskottet som følgje av at de får ei "dyrare" befolkning skal måtte finansiere inntektsgarantien aleine.

Sørheim-utvalets forslag til nytt inntektsgarantitilskott inneber at kommunar som taper på utvalets forslag om å avvikle selskapsskatten og å auke ambisjonsnivået i inntektsutjevninga får heile tapet det første året. Grunnen til dette er at utvalet foreslår at berekninga av inntektsgarantitilskottet skal ta utgangspunkt i veksten i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen støtter Sørheim-utvalets forslag om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott. Rådmannen er imidlertid samd med Borge-utvalet om at tilskottet bør bli tildelt kommunar som har ein vekst i rammetilskottet, eksklusive det inntektsutjevande tilskottet, som er 400 kroner lavare enn veksten på landsbasis.


Rådmannen meiner at det nye inntektsgarantitilskottet,, i større grad enn dagens inntektssystem, vil innebere ei skjerming for kommunar som får ein vesentleg inntektsreduksjon som følgje av endring i kriteriedata (til dømes endring i talet på innbyggjarar i ulike aldersgrupper osv).

Vurdering og konklusjon:

Ser ein reint økonomisk på Sørheim-utvalet si innstilling er Herøy kommune ei av dei kommunane som taper på omlegginga basert på 2006 tala. Totalt sett har ein kome fram til reduserte inntekter pr innbyggjar på kr 292,- eller totalt kr 2.445.000,- (innbyggartalet i kommunen var 8.373 per 01.01.2006). I følge oversikta taper vi på både ei reversering av selskapsskatten, på ikkje oppdatert folketalsutvikling og på trekk i skjønssramma. Mange av desse kriteria kan endrast over tid, så om kommunen taper på den foreslåtte endringa eitt år kan ein tene på den eit anna år.

Fosnavåg, 06.12.2007


Rune Stjurgard


Geir Egil Olsen



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Høringsinstansene iht. liste

18.7/07 GED

Løst kopi
om over t
regnet i hylde
med - en hylde
ly det vedene
9.1 GED.
22.

103

1

Deres ref

Vår ref
07/2419-1 HER

Dato
26.10.2007

Høring - Sørheimutvalget - Inntektssystemet for kommunene

Sørheimutvalget ble nedsatt i desember 2006. Utvalget leverte sin rapport *Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene* den 26. oktober 2007.

Utvalgets rapport sendes herved ut på høring. Vi ber om at KS samordner høringsuttalelsene fra enkeltkommuner. Kommuner som ønsker å komme med egne høringsuttalelser i forbindelse med utvalgets rapport er velkomne til å gjøre det.

Utvalgets mandat har omhandlet en vurdering av

- skattens andel av kommunenes inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjevningen
- selskapskatten som kommunal skatt
- regionalpolitisk begrunnede tilskudd innenfor inntektssystemet
- behovet for egne tilskudd til vekst- og frflyttingkommuner
- størrelsen på skjønnsrammen innenfor inntektssystemet
- ordningen med oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjevningen
- behovet for overgangsordninger i inntektssystemet

Vi ber om at det gis merknader på enkeltpunkt, i tillegg til eventuelle generelle merknader.

Utvalgets rapport er tilgjengelig i elektronisk form og kan lastes ned fra Kommunal- og regionaldepartementets hjemmeside: www.krd.no. Den trykte utgaven vil bli sendt ut til alle høringsinstanser og vil være mottaker i hende i løpet av uke 44.

Postadresse: Postboks 8112 Dep 0032 OSLO	Kontoradresse: Akersg. 59	Telefon: 22 24 90 90 / Org. nr.: 972 417 858	Kommunalavdelingen Telefax	Saksbehandler: Hege Renning 22 24 68 58
--	------------------------------	---	-------------------------------	---

Offentlige institusjoner kan bestille flere eksemplarer fra Departementenes servicesenter, Kopi og distribusjonsservice: publikasjonsbestilling@dss.dep.no.

Høringsfrist er mandag 28. januar 2008.

Med hilsen

Hege Renning
for Anne Maistad Løvingsmo
ekspedisjonssjef e.f.

Thor Bernstrøm
Thor Bernstrøm
avdelingsdirektør

Vedlegg